

STYREMØTE I VBK

Tid: Måndag 30.09.24 kl 18.00

Stad: Framgarden på Linge

Til stades: Solveig, Mette Marie, Petra, Bjørg, Magnhild

Fråver: Mette N V

Ingen vara til stades

Solveig ønskte velkommen og las diktet «Glede».

Sakliste:

38/24 Referat og orienteringar

Tiltaket med varm mat i barnehagen har no kome i gang, Bjørg var til stades frå VBK første dagen. Framleis behov for nokre avklaringar internt i barnehagen vedk. organisering mm.

Solveig har vore i kontakt med Roger S Bruland og styret er samde om at vi utsett dette arrangementet til jan/febr. Lions er positive til å samarbeide om dette.

39/24 Årsmøte, kontingent, ½ under 40 år, 1 person i valnemnda, besøk/kulturinnslag? Årsplan, budsjett

Årsmøtet vert på ungdomshuset i Fjørå 29.10. kl. 17.00.

Først blir det servering av rømmegrout m.tilbehør. Vertinnegruppe 5 blir bedne om å stå for serveringa denne kvelden.

Solveig sender invitasjon til laget sin kontaktperson i fylkeslaget.

Styret har tidlegare vore samde om at vi set kontingenten til 0 for laget, samt at vi reduserar kontingenten til halv pris for medlemmer under 40 år.

Styret skal kome med forslag til ein ny person til valnemnda. Solveig og Petra følger opp dette.

Det bør lagast ei skisse til årsplan vidare i 2025, med grovt skisserte arrangement, utan at eksakte datoar er avklart.

Det er tenleg å skissere eit budsjett for 2025, Solveig og Petra ser nærare på dette med utgangspunkt i fjorårets rekneskap.

40/24 Julekalender, ansvar for sal

Det blir kjøpt 2 gåvekort som gevinstar til julekalenderen, a kr 500 og sendt til Aud Solveig Malmedal. Petra ordnar dette.

41/24 Økonomi. Oppgjer frå AP/8.mars, Supersommar, Olsok

Etter fleire purringar har laget fått utbetalt oppgjeret frå 8. mars-arrangementet.

Ein avventar oppgjer frå supersommar og olsok, sidan ikkje alt er klart enno og innbetalingsfristen ikkje har gått ut.

42/24 Middag for kafegruppa m.m. torsdag 10.okt.

Det blir sendt ut invitasjon til ball-middag med påmelding som takk for innsatsen til gruppa. Solveig sender ut.

43/24 Verdens matvaredag, 16.okt.

Styret var samde om at vi ikkje legg opp til nokon markering denne dagen. Kjem attende til alternative arrangement seinare.

44/24 Eventuelt

Prosjekt som laget kan støtte:

Vil vere bra om laget samlar seg om enkelte prosjekt som vi vil støtte, og marknadsfører dette.

Eit alternativ kan td.vere tilskot/kjøp av utstyr/reiskap til skulekjøkkenet på Valldal skule. Dette må avklarast nærare etterkvart.

Viktig å finne gode prosjekt som engasjerer.

Solveig serverte eplekake av beste sort m.tilbehør, og fleire forslag til arrangement/tiltak vart omsnakka under matøkta.

Møtet slutt kl. 20.00

Magnhild
skrivar